

Vedlegg 7

AD orientering Høyringar pkt. 11

Internt svar på høyring – framlegg til nasjonal retningsline for farmasøytutdanninga

Innspel til høyringsfråsegn frå Sjukehusapoteka Vest (SAV) til Helse Vest RHF.

Vi gjer merksam på at Sjukehusapoteka Vest og vil sende høyringssvar i samarbeid med dei andre sjukehusapotekføretaka.

SAV representerer det største farmasifaglege miljøet i Norge utanfor Oslo, har tett samarbeid med farmasiutdanninga ved Universitetet i Bergen og er praksisstad for studentar i apotek- og klinisk praksis for studentar frå alle utdanningsinstitusjonane. Føretaket tilsett kvart år fleire nyutdanna kandidatar, i hovudsak provisorfarmasøytar.

SAV vurderer at framlegg til læringsutbytte for master og bachelor langt på veg er dekkande for dei behova som føretaket har, men vi vil likevel kommentere på nokre områder som gjeld for spesialisthelsetenesta:

1. Legemiddel og helse

Produksjon av legemiddel. Vår erfaring er at nyutdanna kandidatar treng dels omfattande opplæring før dei kan gå inn i legemiddelproduksjon (aseptisk og/eller steril tilvirking). Vi gjer såleis framlegg om at læringsutbytte nr 6 under ferdigheter (bachelor) blir justert:

Kan beherske relevante teknikkar innan aseptisk og steril tilvirking av ulike legemiddelformer.

Rådgjeving. Ferdigheit til å kunne gje råd om avansert legemiddelterapi er en viktig del av jobbinnhald for farmasøytar som jobbar i spesialist- og kommunehelsetenesta. Vi gjer framlegg om justering av læringsutbytte nr 1 under ferdigheter (master):

Kan analysere og gi råd vedrørende avansert legemiddelterapi og legemiddelhåndtering i samhandling med annet helsepersonell og pasient

2. Pasienttryggleik og kvalitetssikring

Vår tilråding er at omgrepet medisinsk utstyr i punktet læringsutbytte nr 2 under avsnittet kunnskap (bachelor) blir justert til medisinsk utstyr som er relevant i apotek:

Har bred kunnskap om kvalitetskrav, -sikring og -kontroll av legemidler og medisinsk utstyr som er relevant i apotek.

3. Kommunikasjon, samarbeid og tverrprofesjonell samhandling

SAV støttar i hovudsak læringsutbytta under overskrifta slik dei er formulert (gjeld både bachelor, master), men meiner at farmasøyten sin rolle som aktiv bidragsytar inn i tverrfaglege kliniske team må kome tydelegare fram. I tillegg er vår oppfatning at teksten i kulepunkt 1 under overskrifta generell kompetanse bør rettast inn mot fleire mottakarar:

Kan formidle råd om farmasifaglige problemstillinger, analyser, forskningsresultater og konklusjoner til alle pasienter, pårørende, helsepersonell og media.

4. Yrkesrolle og etikk

Under punktet generell kompetanse blir det gjennom eit felles læringsutbytte (*) for bachelor (pkt 6) peika på at kandidaten skal «[ha] innsikt i digitale og teknologiske områder og kan bistå i utviklingen av og bruke egnet teknologi både på individ og systemnivå». SAV vil peike på at digitalisering av og teknologistøtte til sentrale arbeidsprosesser vil auke i åra framover innan alle verksemdsområda i sjukehusapotek og i spesialisthelsetenesta. Behov for teoretisk og praktisk teknologikompetanse vil såleis auke, til dømes med omsyn til samspel mellom teknologi, arbeidsprosesser og faglege krav og kvalitetskrav, men og relasjon til ulike standardar og lovkrav (t.d GDP, GMP GAMP og ISO).

Vi gjer framlegg om at det blir tatt inn ein ny læringsutbyttebeskrivelse under yrkesrolle og etikk (master):

Har kunnskap om krav til og utviklinga av samspel mellom teknologiske løysingar, arbeidsprosessar og føringar i lovverk og ulike standarder.

5. Vitskapsteori, forskingsmetode og innovasjon

SAV støttar i hovudsak læringsutbytta under overskrifta slik dei er formulert (gjeld både bachelor, master).

Arbeid med ulike typar prosjekt er ei arbeidsoppgåve mange farmasøytar vil møte i arbeidslivet, og det er etter vårt skjønn særst relevant å kjenne til grunnleggande prinsipp for prosjektmetodikk og –gjennomføring.

Vi gjer framlegg om at det blir tatt inn ein ny læringsutbyttebeskrivelse under ferdigheter (master):

Kjenner til grunnleggjende prosjektmetodikk.

Vi vil til slutt peike på noko av eit paradoks i farmasøytutdanninga. Ex-phil utgjer felles akademisk og vitskapsteoretisk plattform for alle profesjonsutdanningane og andre universitetsutdanningar i Norge. Farmasiutdanninga har likevel ikkje hatt Ex.phil som del av utdanninga, utan at vi kjenner årsaka til dette. Om farmasøytisk yrkesutøving skal leggjast til grunn er det liten grunn til å tru at det skal vere mindre behov for vitskapsteori og –filosofi for farmasøytar enn for andre profesjonar. Farmasøytar jobbar i eit breitt spekter av stillingar som har arbeidsoppgåver knytt til alt frå forskning, utvikling, produksjon, kvalitetssikring og pasientkontakt til stillingar innan akademia, teknologi, forvalting og leiing. Vi gjer såleis framlegg om at standpunkt om å ikkje ha ex-phil som del av farmasiutdanninga blir revurdert.